



Arne Johannes Riisnes

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2301 - 16/4550

Saksbehandlar:

Atle Vaage

Atle.Vaage@lindas.kommune.no

Dato:

19.02.2016

Vedrørende oppgradering Ostereidet idrettsanlegg

Viser til skriv frå skulane på Ostereidet og Eikanger Idrettslag mottatt 18. februar 2016, vedrørende oppgradering av idrettsanlegget på Ostereidet.

Vi takkar for konstruktivt innspel. Lindås kommune er som de kanskje veit i gang med rullering av eksisterande kommuneplan for Idrett, friluftsliv og aktivitet. Kommunen er kjent med tilstanden til anlegget på Ostereidet, og dette er sjølvstekt noko som må takast inn i arbeidet med idrettsplan.

Underteikna vil ta initiativ til eit møte på Ostereidet så fort som mogleg, der kommunen vil stilla med representantar frå kultureininga og eigedomseininga. Frå vår side er det ønskeleg at idrettslag og skular på førehand har drøfta framtidige behov og ønske for utvikling av anlegget, og at dei ulike brukarane samkjørar sine innspel. Ut frå økonomiske omsyn, er det og fint om brukarane av anlegga gjer seg opp ei meining om eventuell rekkjefølgje for utbetring og oppgradering.

Samstundes gjer eg merksam på at avtalen kommunen har med Lindås Idrettsråd. Denne seier mellom anna at alle initiativ frå idrettslaga når det gjeldt utvikling av anlegg, skal fremmast til kommunen via idrettsrådet. Lindås Idrettsråd er kommunen sin viktigaste partner i arbeidet med idrettsplan. Dette er sjølvstekt ikkje til hinder for direkte dialog mellom kommunen og dei enkelte idrettslaga, slik de inviterer til. Men det formelle innspelet frå Eikanger IL med ønske for anlegget på Ostereidet, må fremmast via idrettsrådet.

Mykje av arbeidet med idrettsplan vil gå føre seg i tida frå no til slutten av mai. Underteikna ser fram til eit godt samarbeid med Eikanger Idrettslag og skulane på Ostereidet i arbeidet med planen.

Med helsing

Atle Vaage

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



fagansvarleg idrett og grønt

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

John Helge Walderhaug Lindås
Idrettsråd

Mottakarar:

Arne Johannes Riisnes
Robert Lorang Hansen
Torill Persson Solli

5993

OSTEREIDET